



Statens vegvesen

BØMLO KOMMUNE
Rådhuset
Leirdalen 1

5430 BREMNES

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Astrid Elina Ådnanes / 24058237

Vår referanse:
23/190719-5

Dykkar referanse:
2023/1260-L13

Vår dato:
10.10.2024

Høyring av detaljregulering for bustadområde Strandavegen 101/226 m.fl., PlanID 202304 – Bømlo kommune – Uttale frå Statens vegvesen

Vi viser til varsel frå dykk om ovannemnde høyring i brev av 13.09.2024. Frist for uttale er sett til 01.11.2024.

Saka gjeld

Føremålet med planforslaget er å legge til rette for utvikling og fortetting av bustadområde. Planen omfattar seks bustadtomter, og opnar for bygging av totalt fem nye bustadeiningar. Bustadane vil få tilkomst via noverande kommunal tilkomstveg Strandavegen til/frå Fv.14 Melingsvegen, og det vert lagt opp til parkering på eiga tomt.

Uttale frå Statens vegvesen

Vi viser til vår uttale datert 08.11.2023 til oppstartvarsel om planarbeidet. Her uttalte vi bl.a. at det må framgå manglar og tiltaksbehov i planen for å ivareta trygg skuleveg. I kommentar frå forslagsstillar vises det til omtale i kap. 4.7 og 6.8 i planomtalen. Vi kan ikkje sjå her at forslagsstillar har gjennomgått og gjort ei konkret vurdering av aktuell skuleveg, og anbefaler kommunen å krevje dette teke med i plansaka.

I denne samanheng nemner vi manglande tilrettelegging for gåande i kryssområdet Fv.14 Hiskavegen x Fv.14 Melingsvegen, jamfør bilete under. Her kryssar bl.a. born på skuleveg og gåande til/frå busshaldeplass. Før ein byggjer ut fleire bustader i tilstøytande område på Meling bør ein i samråd med Vestland fylkeskommune minimum sjå på mogleg utbetring for mjuke trafikantar i dette krysset, og ta med aktuelt tiltak som rekkeføljekrav i planen.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim



Kryssområde Fv.14 Hiskavegen x Fv.14 Melingsvegen, vegbilde frå google maps

Transportforvaltning vest 3
Med helsing

Olav B. Aga
fung. seksjonsleiar

Astrid Elina Ådnanes
sjefingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN